

# ULLAVIKVEGEN 9 OG 11

UTLEIGELEILEGHEITER VED SMÅBÅTHAMNA  
SYKKYLVEN SENTRUM



FASADE VEST - ULLAVIKVEGEN 9

FASADE VEST - ULLAVIKVEGEN 11

Eit samarbeidsprosjekt mellom **Husbanken, Sykkylven kommune, og  
Hjemmelkompaniet AS**



# FLOTTE OG MODERNE UMLEIGEBUSTADAR FOR LANGTIDSLEIGE I SYKKYLVEN SENTRUM

I Ullavikvegen 9 og 11 har Hjemmelkompaniet AS leilegheiter i ulike storleikar til utleige rett ovanfor småbåthamna ved Sykkylven sentrum.

Prosjektet er eit utleigebustadprosjekt som er finansiert i Husbanken. Vilkår for Husbanklån til utleigeprosjektet er at Sykkylven kommune skal tilvise 40 % av leilegheitene, fortrinnsvis til eldre. Dei resterande 60 % av leilegheitene vert leigde ut på den opne leigemarknaden.

Hjemmelkompaniet AS er eigar, utleigar og forvaltar av eigedomen. Den einskilde leigetakar skriv leigekontrakt med Hjemmelkompaniet AS. Til saman består Ullavikvegen 9 og 11 av 14 flotte og moderne leilegheiter i to nyoppførte leilegheitsbygg med 7 leilegheiter av ulik storleik i kvart bygg.

Vilkår for tilvising av 6 av bustadane finn ein på Sykkylven kommune si heimeside, eller på søknadsskjema for tildeling av kommunale bustadar. Søknadsskjema til bustadane kan ein og få ved å vende seg til Hjemmelkompaniet AS.

Kontakt **Knut Henning Aursnes** i **Hjemmelkompaniet AS** på tlf. **901 05 431** eller e-post **knut@aurnes.no** for nærare informasjon og synfaring.



FASADE NORD - ULLAVIKVEGEN 9

## **PLOSSERING**

Ullavikvegen 9 og 11 ligg rett ovanfor småbåthamna ved Sykkylven sentrum. Frå leilegheitene er det fin utsikt utover småbåthamna, fjorden og fjella. Det er enkel gangavstand til offentleg transport, restaurant/kafé, butikkar, tannlege, legesenter, apotek, bank og kyrkje og sentrumsfunksjonar elles.

## **EIGEDOMEN**

Det er 14 leilegheiter fordelt på bakkeplan, 1. og 2. etasje. Det er trappefri tilkomst til felles gang i 1. etg., der det går ei trapp opp til 2. etg. og ei trapp ned til leilegheitene på bakkeplan. Det er gang- og biltilkomst frå Ullavikvegen til eigedomens gardsplass, der det er skjerma inngang til leilegheitene, parkeringsplassar og garasjar. Felles søppelstasjon ved innkøyring frå Ullavikvegen.

## **INNHALD**

Det er tre ulike leilegheitstypar som har følgjande storleik og innhald:

### 4 stk. 23 m2 BRA leilegheiter

Svært godt utnytta arealeffektive leilegheiter i toppetasjen.

Innhald: Gang, stove/kjøkken, 1 soverom og dusj/wc.

Leigeprisen pr måned er kr 8.000,-

### 8 stk. 74 m2 BRA leilegheiter

Moderne leilegheiter med god planløyising og normal storleik. Alle disse leilegheitene har eigen balkong som vender mot vest og småbåthamna. Fire av leilegheitene ligg på bakkeplan og fire leilegheiter ligg i hovudetasjen.

Innhald: Gang/entre, 2 soverom, stove og kjøkken, dusj/wc og innvendig bod/teknisk rom. I tillegg eigen utvendig bod.

Leigeprisen pr måned er kr 14.500,-

### 2 stk. 100 m2 BRA leilegheiter

Store flotte leilegheiter i toppetasjen med god og romsleg planløyising. Stor balkong som vender mot vest og småbåthamna.

Innhald: Entre, gang, 2 soverom, dusj/wc, gjeste wc, vaskerom/bod, TV-stue, stue, kjøkken. I tillegg eigen utvendig bod.

Leigeprisen pr måned er kr 18.500,-

## **LEIGEPRISAR**

Leigeprisane varierer etter storleik på eilegheitene.

### Inkludert i leigeprisane

Leigeprisen inkluderer alle felleskostnader slik som kommunale avgifter, plenklipping, snørydding, trappevask, felles straum, brannforsikring, service og kontroll på brannalarm og felles vedlikehald. Det som kjem i tillegg til leigeprisen er kvar einskild si innboforsikring,

straum i eiga leilegheit og eventuelt breibandabonnement. Kjem ein frå ein eldre bustad, vil ein normalt merke vesentleg rimelegare straumkostnad i ei ny og godt isolert leilegheit.

## **PARKERING**

Eigedomen har parkering på eigen grunn. På gardsplassen er det gratis utvendige parkeringsplassar og 4 garasjeplassar som er til leige.

## **STANDARD**

Leilegheitene støttar krava i gjeldande byggjestandard på oppføringstidspunktet (TEK 17). Alle leilegheitene har universell utforming (livsløpsstandard), men med ein etasjes trapp frå 1. etg. til 2. etg. og til leilegheiter på bakkeplan. Sensorstyrt utebelysning. Felles utekran.


Stove/kjøkken:	Laminat i lys eik på golv og slette, måla veggjar i fargen Jotun 1931 «Kokos». Himling slettputsa og måla i same farge som vegg. Kjøkkeninnreiing med slette frontar og laminat benkeplate. Det følgjer med innebygd kombi kjøl/frys, komfyr, koketopp og oppvaskmaskin.
Dusj/WC:	Keramiske fliser på golv og baderomsplater på vegg. Nedfora himling måla i fargen Jotun 1931 «Kokos». Baderomsinnreiing, dusj og vegghengt WC.
Gang:	Laminat i lys eik på golv og slette, måla veggjar i fargen Jotun 1931 «Kokos». Himling slettputsa og måla i same farge som vegg.
Bod/teknisk rom:	Vinylbelegg og sluk i golv. Slette, måla veggjar i fargen Jotun 1931 «Kokos». Nedfora himling måla i same farge som vegg. Opplegg for vaskemaskin og tørketrommel. Det er plassert skyllekar, vv-bereder og ventilasjonsaggregat på teknisk rom.
Sov 1:	Laminat i lys eik på golv og slette, måla veggjar i fargen Jotun 1016 «Blek Sand». Himling slettputsa og måla i same farge som vegg.
Sov 2:	Laminat i lys eik på golv og slette, måla veggjar i fargen Jotun 1233 «Mohair». Himling slettputsa og måla i same farge som vegg.
Garderobe:	Takhøge skyvedørsgarderobes på soverom som markert på planteikning.
Sportsboder:	Golv av betong og veggjar av ubehandla trepanel kledd på ei side av deleveggjar. Taklys og dobbel stikkontakt.
Terrasse:	Eigen privat terrasse med utgang frå stove. Tredekke på golv og Glasrekkverk unntatt for leilegheiter på bakkeplan. Utelys og stikkontakt.

- Trapperom:** Trapperom og trapper med keramiske fliser på golv og slette, måla veggjar og himling i fargen Jotun 1931 «Kokos». Sensorstyrt belysning. I tillegg nødlys og ledelys.
- Ventilasjon:** I kvar leilegheit er det eige balansert ventilasjonsanlegg med varmegjenvinnar. Avtrekk frå bad og kjøkken, og innblåsing i stove, gang, bod og soverom.
- Oppvarming:** Varmekablar i dusj/WC/teknisk rom. 1000W panelomn i stove og 500W panelomn på kvart soverom.
- Solskjerming:** Utvendig screens på vindauge mot vest.



*Fargepalett som viser parkett, veggfargar, kjøkkenfrontar og benkeplate.  
Slik fargane framstår på biletet vil avvike frå ferdig produkt.*


# SITUASJONSPLAN/KART



## Tegnforklaring

	Nye boligbygg		Senter støvull, støvullerri
	Balkong		Hekk eller gjende
	Felles garasje		Støtemur
	Utseppholdsareal		Måle og avstandslinje
	Renovasjonsareal		Bygghøyden
	Lekeplass, 40 x 1,15		
	helling		
	Frømråde		
	Adkomst og felles		
	gardsplass		
	Gangareal		
	Erlingst areal for		
	støvull		
	Ekstet. veg		
	Ekstet. bygninger		
	Ekstet. gangsykkelveg		

BYA BEREGNING:		BYA - Bebygget areal
Bygg nr 1,2	1779,41	
BKS1	56,53	
f. BRE		
Grunnlag beregning BYA	1835,9	Antall
5-manns bolig inkl. balkong	232,3	2,0
Carport	126,2	1,0
Parkering	18,0	8,0
SUM BYA	734,9	734,9 m <sup>2</sup>
Utnyttelsesgrad		40,0%



SNITTUNJER:

TAL AVFALLDUNKER MÅ AVTALAST MED RENOVASJONSSKAPET. TYPE LEIKEAPPARAT OG PLOSSERING AV DISSE ER RETNINGSGIVANDE.

HJEMMELKOMPANIET AS

AURSINES

EUROPE - SCHE 32 IN 2000 Papper

SITUASJONSPLAN

ALUBROEN BRUYGE 2 - STYKKELVEN KOMMUNE

BKS 1 - GBNR 14/433

Blomstnr 22205


Blomstnr 909

FASADETEIKNINGAR VEST OG ØST



FASADE VEST - ULLAVIKVEGEN 9

FASADE VEST - ULLAVIKVEGEN 11



FASADE ØST - ULLAVIKVEGEN 11

FASADE ØST - ULLAVIKVEGEN 9

FASADETEIKNINGAR NORD OG SØR



FASADE NORD - ULLAVIKVEGEN 9



FASADE SØR - ULLAVIKVEGEN 11




# PLANTEIKNING BAKKEPLAN



Leilighet HU102  
BRA 74 M2

Leilighet HU101  
BRA 74 M2


PLANTEIKNING 1. ETASJE



Leilighet H0102  
BRA 74 M2


Leilighet H0101  
BRA 74 M2

PLANTEIKNING 2. ETASJE





Leiligheit H0201 vest  
BRA 100 M2

KJØKKEN LEILIGHET 74 m2 BRA



# KJØKKEN LEILIGHET 23 m2 BRA





Hjemmelkompaniet AS - tlf. 901 05 431 - e-post [knut@aurunes.no](mailto:knut@aurunes.no)